2-0 over Fylkesmannen! 13.02.2011

Grunnarbeid er no i gang for driftsbygning (Foto: Ola Matti Mathisen)

Musland-grenda i Uskedalen har vunne 2-0 over Fylkesmannen i Hordaland. Tida er inne til å slå det endeleg fast , for no er Sigmund Myklebust i gang med tomteopparbeidinga for prosjekt nummer 2 som Fylkesmannen gjekk i mot.

* Det første var kårbustad for Møyfrid og Anders Kristoffersen
på Storhaug - der fylkesmannen måtte kaste korta i august 2008..
* Det andre var maskinstasjon-prosjektet til Sigmund Myklebust
der Fylkesmannen måtte kaste korta imars i fjor.

Begge sakene galdt byggjing av hus, men her skal vi berre
minna om gangen
i den siste saka.

Haldis og Sigmund Myklebust (mor og son) hadde ønskje om å dele frå 4
mål til bruk for maskinstasjonen. Men det gjekk Fylkesmannen imot sjølv
om området har
vore nytta til dette føremålet så lenge maskinstasjonen har eksistert
og det er i rundt rekna 30 år.
Sigmund hadde trong for ein lagerplass som base og fann det
naturleg at han fekk halda
fram på den same plassen sjølv om den var LNF-område.

LNF var det springande punkt. Særleg miljøvernavdelinga til
Fylkesmannen var kritisk til ein slik operasjon og meinte saka var dårleg opplyst med omsyn
til inngrep i landskapet. Prosjektet ville bli skjemmande. Fylkesmannen antyda og at saka var så omfattande at
den kunne utløysa reguleringsplikt.

Sigmund Myklebust kunne ikkje finna konkrete grunnar til å seia nei til prosjektet og antyda at Fylkesmannen
hadde eit sært syn. Hvis nokon meiner at LNF-områda skal nyttas berre av older og anna buskas så har andre
som prøver å utføra praktiske ting i Noreg andre synspunkt, skreiv Sigmund.
Kommunen peika på at landskapsverknaden ikkje ville verta endra og at reguleringsplan ikkje
hadde nokon hensikt sidan arealet var nytta til same føremålet så lenge.
Dette gjekk føre seg sommaren 2009.

Ei klagerunde vart avslutta med at Fylkesmannen trakk klaga i mars i fjor.
I oktober i fjor fekk Sigmund Myklebust så løyve til byggjing av eit reiskapshus/driftsbygning på 400
kvadratmeter. Då slepp maskinane å stå ute om vinteren.

Og no er altså arbeidet i gang.

Konklusjon og erfaring? Det nyttar å kjempa mot Fylkesmannen, men det kan ta tid og kosta mykje!

Av Ola Matti Mathisen